



Kålås & Sønn Byggvarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7408 - 15/29838

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
17.09.2015

Korrigert og forlenga mellombels bruksløyve - gbnr 244/5 Eidsnes - tilbygg fritidsbustad, garasje og bod

Administrativt vedtak. Saknr: 397/15

Tiltakshavar: Inger Elisabeth og Martin Halland, 5099 Bergen

Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggvarehandel, 5915 Hjelmås

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.05.2008 (rammeløyve). Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

- Ferdigstilling av garasje innan 31.12.2016.

Mellombels bruksløyve gjeld tiltaket: tilbygg fritidsbustad

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.09.2015 og vårt brev sendt 26.11.2013.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og at det står att arbeid med garasje, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Eidsnes indre
Bygningstiltak:	Tilbygg fritidsbustad
Bygningsnummer:	176293004-1 (tilbygg fritidsbustad), 30004241 (garasje) og 300042416 (bod).
Bruksareal:	90m ² (tilbygg fritidsbustad), 74 m ² (garasje) og 13m ² (bod).

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tiltak på gnr. 244, bnr. 5 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld tilbygg bustad.



2. Ferdiggattest skal liggje føre innan 31.12.2016.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdiggattest. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7408

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Pbl §20-1	Gebyr
10.2.8 Delt sakshandsaming, mellombels bruksløyve	Kr. 2.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjevast.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Johanne og Martin Halland v/ Nedre Nattland 56 5099
Frode Halland

BERGEN

Mottakarar:

Kållås & Sønn Byggvarehandel AS Sauvågen 83 5915

HJELMÅS